



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1875 - 14/11226

Saksbehandlar:
Kari Elisabeth Io
KEI@lindas.kommune.no

Dato:
09.05.2014

Søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg - gbnr 55/35 Bruvoll

Delegert sak.

Vi viser til søknad av 03.03.2014, m/vedlagt planteikning og situasjonsplan for vatn og avløp.

Adresse byggjeplass : Hundvinvegen 10, 5956 Hundvin
Type bygg : Ny dobbelhytte som skal erstatte to eksisterande hytter som rivast/fjernast.
Type arbeid : Hyttene er frå før tilknytt kommunal vassforsyning m/felles vassmålar for heile anlegget.
Det er gitt mellombels utsleppsløyve for sanitært avløpsvatn via eksisterande slamavskiljar til eksisterande sandfiltergrøft (sjå løyve frå byggesak 05.05.2014).

SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøka om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonntent sitt ansvar å sørge for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsledning og lavaste sluk i hus.

For vassledning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.

Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassledning, må det gjerast kompensierende tiltak.



Ansvarleg rørleggjar skal sende inn ferdigmelding når arbeidet er ferdig utført (vedlagt skjema).

Tilknytingsgebyr vatn er betalt.

Med helsing

Kari Elisabeth Iø
saksbehandlar

Kopi til:

Bruvoll Camping

Hundvinvegen 10 5956

HUNDVIN

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ